

Hausten 2025

Kvite blindsoner
Sukker

Hiten frå 80-talet
**Den uendelege
historia**

Édouard Louis og
Fossefestivalen



**DET
NORSKE
TEATRET**



Amalie Sasha Schanke Ameli Isungset Agbota Amell Basic Andreas Vangen Andersen Ane Dahl Torp Astin Souleymane Carl Martin Eggesbø Charlotte Frogner Christian Ruud Kallum Claudia Cox



Ellen Birgitte Winther Emil Johnsen Francisco Kalle Navarro Frank Kjosås Frode Winther Gard Skagestad Geir Kvarme Gina Bernhoft Gørvell Gjertrud Jynge Hallvard Holmen



Heidi Gjermundsen Broch Heidi Marlena Rolseth-Stella Hibba Najeeb Hilde Olaussen Iben Alida Carlsen Ina Svenningdal Ingeborg S. Raustøl Ingrid Berg Mehus Ingrid Jørgensen Dragland Ingrid Matilde Mæland




Iren Reppen Iselin Shumba Jae Nyamburah Joachim Rafaelsen Johan Hveem Maurud Jon Bleikliie Devik Jon Werede Hope Jonas Benyoub Julie Moe Sandø Kaia Varjord



Ken-Philippe Tete Kenneth Homstad Khalid Mahamoud Kim Helge Strømmen Kirsti Refseth Kjersti Dalseide Kyrre Hellum Lasse Kolsrud Leo Magnus de la Nuez Linn Skåber



Mariama Slåttøy Marianne Krogh Marie Blokhus Mimmi Tamba Mohammed Aden Ali Mona Huang Morten Svartveit Natalie Bjerke Roland Nokokure Dahl Oddgeir Thune



Ola G. Furuseth Paul-Ottar Haga Per Schaanning Preben Hodneland Pål Christian Eggen Rafid Islam Randin Kummeneje Sara Khorami Serhat Yildrim Sigrid Kandal Husjord



Siri Snorheim Stein Torleif Bjella Svein Roger Karlsen Tani Dibasey Thea Advocaat Thea Lambrechts Vaulen Tobi Pfeil Tord Kinge Vetle Bergan Øyvind Berven

Vi klarar det!

Våren på Det Norske Teatret har vore prega av fulle salar, stormande jubel, glitter og paljettar. No er hausten her, med eit skakande mørke omkring oss og krig i verda. Kvifor skal vi gå på teater når verda ser ut til å rakne?

Vi klarar det, syng Heidi Gjermundsen Broch som Angela Merkel i *Europavisjonar* på Hovudscenen, og vi i salen kjenner hjarta rivne saman med henne. Vi klarar det.

Kanskje er det nett no vi treng ei lita heltinne i raud paljettdrakt som kitlar lattermuskane og minner oss på at håpet òg finst.

Ein annan helt, vesle Bastian frå *Den uendelege historia*, finn ei forteljing å dykke inn i for å redde fantasikrafta. Krafta vi alle treng for å forandre og for å tru på at vi, det vesle mennesket, kan gjere ein skilnad. Eg er svært stolt over å presentere denne ambisiøse heilaftans framsyninga for barn på Hovudscenen, der alle verkemiddela i teateret blir tekne i bruk for å måle fram Fantasia, verda der Bastian møter Atreju, barnedronninga og lykkedraken.

Og for alle vaksne som lengtar etter ein lykkedrake i livet sitt, arrangerer vi drakefestival på Scene 3, med framsyninga *Dragonblood* av Only Slime. Ei vill og unik oppleving for dei aller modigaste og mest eventyrlystne teatergjengarane våre.

På Det Norske Teatret arbeider vi aktivt med demokrati, det fleirstemde og for å inkludere og gi plass til så mange perspektiv, kroppar, erfaringar og utgangspunkt som mogleg. Ekstra stolte er vi av å ha fått Linda Gathu, dramatikar og regissør, med på laget. I framsyninga *Sukker* tek ho oss med inn i ein del av norsk historie som mange ikkje kjenner til, ei viktig historie om kven vi òg er, om urett, om arv og om moglege framtider.

Men først dundrar hausten i gang med DIFF, Den internasjonale Fossefestivalen, med store gjestespel, skarpe kunstnarmøte, debattar og panelsamtalar. Den unge, belgiske regikometen



Lisaboa Houbrechts utfordrar Fosse i *Vinter* på Hovudscenen med sitt vedunderlege og oppsiktsvekkande visuelle univers. Ei ære er det også å få presentere nok ein urpremiere av nobelprisvinnaren vår, med stykket som Fosse rett og slett har valt å kalle *Skodespelet*, varmt og sårt iscenesett av vår eigen Johannes Holmen Dahl. Urpremiere blir det òg på Édouard Louis' *Forandre seg: metode* på Scene 2.

Og så blir det klassikarar når vinteren kjem. Göran Tunströms *Juleoratoriet* om sorg og tilgjeving skal varme hjarta på Hovudscenen, og mastodonten *Les Misérables* stiller kanskje det aller viktigaste spørsmålet: Er godleik mogleg?

Jul blir det i desember når Herborg Kråkevik tar med seg Frida Ånnevik og Solveig Kloppen opp på Hovudscenen der dei saman med nokre av ensembles songsterke skodespelarar inviterer til framsyninga *Juleroser*.

Vi ønskjer velkommen til ein teaterhaust med utfordring, underhaldning og trøyst, og for deg som ikkje kan få nok magi: gløym ikkje juleavslutninga på Scene 3, med Tani Dibaseys *Magic Mouse vs. Capitalism*, der alle tradisjonar blir snudde på hovudet! Det kan vi òg trenge, tenkjer eg.

Velkommen

Kjersti Horn, teatersjef

«Vi eksperimenterer mykje med det litt abstrakte og antydande. Litt som ei barneteikning som blir levande.»

Regissør Peer Perez Øian



Ina Svenningdal i rolla som Bastian i *Den uendelege historia* på Hovudscenen.

DEN UENDELEGE HISTORIA

av Michael Ende

Fantasirikt eventyr

I *Den uendelege historia* møter vi mobbeofferet Bastian som nett har mista mor si. Faren har nok med å takle si eiga sorg, og klarer ikkje vere ein god forelder.

Men ein dag kjem Bastian over ei bok, og blir bokstaveleg talt oppslukt av ho. Der inne møter han fantastiske og fantasirike skapningar som lykkedraken Fuchur og helten Atreju, som skal redde barnedronninga. Riket hennar, Fantásia, er i ferd med å bli slukt av den mystiske krafta Ingentinget fordi barn i den verkelege verda er i ferd med å miste evna til å fantasere, drøyme og lage historier. Bastian blir venn med Atreju, og saman kjempar dei for å redde både dronninga og Fantásia.

Boka er skriven av Michael Ende og blei utgitt i 1979. Ho blir rekna som ein klassikar innan barne- og ungdomslitteraturen. Boka blei filmatisert i 1984 av Wolfgang Petersen, og tittelsongen av den britiske artisten Limahl, blei ein superhit.

Barna får dikte med

I lag med scenograf Arne Nøst, musikal Sol Heilo og videodesignar Åsmund Bøe vil regissør Peer Perez Øian skape ei framsyning av fantasirike bilde og kreative kostyme, leiken musikk og videodesign.

Perez lovar ei vakker visuell ramme – men med rom for at barna skal dikte med sjølve:

- Så vi eksperimenterer mykje med det litt abstrakte og antydande. Litt som ei barneteikning som blir levande, forklarar han.

- Bastian i forteljinga har også eit veldig dårleg sjølvbilde. Når han oppdagar fantasiens kraft og

at han kan bestemme kor historia skal gå, gjer han seg sjølv både stor og kul. Og det er ikkje berre bra for han, meiner Perez.

Ina Svenningdal spelar hovudkarakteren Bastian som blir fortapt i si eiga fantasiverd og vender seg mot vennen Atreju og sårar han.

- Han blir faktisk radikalisert, seier regissøren.
- Men heldigvis blir han også redda av vennene, som gir verdsbildet hans motstand.

Bastian innser at han må lære å akseptere den han eigentleg er, og reise tilbake til den verkelege verda for å handtere det som er vanskeleg der og hjelpe far sin.



«Kostymet» til Steinknaskaren blir til på målar salen.

Rustar vi barna våre til å tole også det som er vanskeleg i livet?

- Om vi gjer alt lett og friksjonsfritt for barna våre, trur eg at vi gjer oss alle ei bjørneteneste. Da øver vi ikkje på det det vil seie å vere menneske.

Av Åsne Dahl Torp

Regissør Peer Perez er sjølv barn av 80-åra, og det er ein draum å gi seg i kast med *Den uendelege historia* i eit tid da nostalgien for dette tiåret står sterkt i populærkulturen. Dei som er fødte seint i 70- og tidleg i 80-åra hugsar filmatiseringa med den fantastiske drake-hunden Falkor (Fuchur), hesten Artax som døyr og ikkje minst poplåta *Never ending stooooryyyyy* framført av Limahl, med verdas største og mest legendariske tofarga hockeysveis.

At *Den uendelege historia* hadde eit barn i rolla som helten som ordnar opp, var noko av det som trefte åtte år gamle Peer midt i magen da han såg filmen.

- Og scenen der hesten Artax døyr i Sorgsumpane var ein av mine første erfaringar med tap og død. Det var da eg skjønnte at noko kunne vere så brutalt endeleg, seier han.

Med eit nytt blikk

No er han sjølv far til ein sjuåring, og oppdagar historia på nytt, men frå eit foreldreperspektiv. Denne opplevinga har sett i gang tankar om korleis han og foreldregenerasjonen han er ein del av har mista av syne noko av det som var bra med den 80-talsoppdraginga han sjølv fekk. Regissøren og tobarnsfaren håpar at hans generasjon, og dei som er så unge at dei kanskje berre kjenner låta til Limahl fordi ho nyleg trenda på TikTok, skal ta med seg barna sine på teater. Han har noko å seie til dei.

- Barn i dag går glipp av å finne ut av ting sjølve, løyse konflikhtar, problem og utfordringar. Vi er så redde for at barna skal bli utsette for fare, at vi røvar frå dei moglegheita til å lære sjølve å takle det som kan vere vanskeleg, meiner han.



- Samtidig er det vanskeleg å finne balansen mellom å sleppe barna fri og å vite at dei ikkje rotar seg vekk i noko vi ikkje har kontroll over, held han fram.

Fantasidøden

- Barna våre er også i ferd med å bli oppslukt av ei form for «ingenting» gjennom all skjermbruken dei blir utsette for. Dei mistar fantasien og evna til lek tidleg. Det er ein kamp vi foreldre må orke å stå i, seier regissøren engasjert.

- I det heile er *Den uendelege historia* eit manifest for kor viktig det er å bevare og stimulere barns kreativitet og skaparglede lengst mogleg. Dette er under press, og barn blir vaksne litt for fort. Teateret er ein av arenaene eg meiner gir rom for meddikting, og det legg vi til rette for i oppsetjinga vår.

Alvoret i leiken

- Med framsyninga vår ønskjer vi å ta heile barnet på alvor, også med evna dei har til å forhalde seg til det mørke og litt skumle. Det er smerteleg å erfare sorg, eller det at nokon som er god og snill også kan vere det motsette. Men vi håpar å skape eit rom der dei kan stole på at vi saman skal komme gjennom desse utfordringane, forklarar regissøren. •



Ina Svenningdal

Aktuell i *Den uendelege historia* og *Once* denne hausten.

Fortalt til Åsne Dahl Torp

Bastian er ein gut som ikkje heilt har funne sin plass i verda. Men så finn han ei bok om landet Fantásia. Her utspelar alle ønska og draumane hans seg, som han blir ein del av. I Fantásia kan han vere ein annan, og han endar opp med å miste seg sjølv. Bastian må gjennom mange prøvingar for å finne tilbake til den han er og det som er ekte.

Kva er det raraste du har gjort i research til ei rolle?

Eg har sete i eit halvt år og sett på hendene til ho som var musikkansvarleg for filmen *Once*, medan ho spelar piano ovanifrå. Og slik lærte eg meg det eg spelar på piano i framsyninga *Once*. Eg kan nemleg ikkje notar!

Kva er det mest minneverdige som har skjedd deg bak scenen?

Dette hende ikkje bak scenen, men

det er definitivt det sjukaste eg nokon gong har gjort på ein scene! Da vi spelte *Frost*, og eg hadde rolla som Anna, var plutselig ho eine som spelte Elsa i Nord-Noreg, medan ho som skulle alternere var sjuk. Eg kunne alle replikkane til Elsa frå før, og eg hadde alt nokon til å alternere for meg, så det blei til at eg hoppa inn i rolla. Det var heilt ko-ko! Eg blei faktisk ikkje særleg nervøs, for dette hadde eg jo ikkje øvd på, og alle visste det. Det stod liksom ikkje på meg – eg gjorde berre det beste eg kunne gjere. Eg har aldri før eller sidan opplevd så mykje støtte frå folk på ei og same tid. Så eg kan godt gjere det igjen. Da kjenner ein jo litt ekstra godt at ein lever!

Fullfør setninga: "Eg visste eg ville bli skodespelar da eg..."

...var 6 år gammal og kom heim frå innspeling av *Linus i Svingen*. Eg spurde

mor mi: «Når kan ein begynne på sånn teaterhøgskole?» Da trur eg mamma blei litt bekymra, men ho lo også godt. For eg var ikkje innforstått med kor lenge det var til.

Kva er det beste ved å vere skodespelar?

Eg elsker å møte menneske. Og for kvar produksjon eg er med i, kjennest det som at eg byter jobb, fordi eg heile tida blir kjent med nye folk og lærer nye ting.

Har du ei kulturanbefaling?

Eg har ei generell anbefaling: Gå på museum, gå i teateret, gå på kino og les bøker. Slik vil Kultur-Noreg overleve <3, og vi treng fysisk kultur!

Lyst og lett frå Jon Fosse

Humor vil eg helst sleppa, men eg håpar eg her og der klarer å skriva ufrivillig komisk, seier Jon Fosse. Han er klar med romanen *Vaim* og nytt skodespel til Den internasjonale Fossefestivalen.

Av Cecilie N. Seiness

Fossefestivalen opnar med lanseringa av romanen *Vaim*, den første romanen Fosse gjev ut etter han fekk nobelprisen i litteratur hausten 2023. *Vaim* er den første boka i ein serie på tre. Hausten 2026 kjem *Vaim Hotell* og hausten etter *Vaim Vekeblad*.

Kva er *Vaim*, Jon Fosse?

– Det er eit ord ein kjenning av meg brukte ein gong. Folk frå Vadheim kallar seg vaimingar og dei kallar plassen Vaim. Eg synest ordet har ei kraft og ein forunderleg sugande lyd i seg. Eg sparte på ordet og tenkte at eg ein gong i livet skulle bruka det som ein tittel.

Kva verd er det du tek oss inn i?

– Vaim er ei soge som går føre seg på ein fiktiv plass på Vestlandet som eg kallar Vaim. Vaim er ein liten tettstad med butikk, hotell, ein liten avisredaksjon, kai og kafé. Tida er ubestemt, men det er kanskje tretti–førti år sidan, gamle dagar. Eg byrja på sogas medan eg venta på dotter mi som var på franskurs. Eg er godt nøgd med *Vaim*-soga. Eg likte typene, plassen, universet, det var kjekt å vera der. Difor ville eg skriva meir.

Du held deg der vest. Det er strilar og sogningar og byfolk det handlar om?

– Ja, det er som alltid hos meg eit vestnorsk landskap. Eg har min vestnorske bakgrunn. Eg er sjømann, voks opp ved ein fjord og eit hav, i Strandebarm og dels på Karmøy. Eg har hatt båt sjølv i mange år. Eg brukar det eg kan noko om. Og eg skriv på den høgt elska nynorsken min, ein tradisjonell nynorsk, ikkje dialektnært, men normert nynorsk der eg gjerne tek inn gamle ord.

Her er humor også?

– Humor vil eg helst sleppa, men eg håpar eg her og der klarer å skriva ufrivillig komisk. Det er genuint, ærleg, heilt oppriktig. Går ein etter humor, så blir det noko anna. Humor er tilgjord. Eg kan sjå komikk i *Vaim*, men det meiner eg det har vore i alt eg har skriva i mange år. Eg er ein tragikomisk diktar. Så langt eg skjønar, men eg skjønar lite. I alle fall om meg sjølv.

På festivalen er det også urpremiere på det nye teaterstykket *Skodespelet*. Eit godt vakse par har kome fram til ein kai med koffertane sine. Dei skal på båttur og har gledd seg, men kvifor kjem det ikkje nokon båt? Eit ungt par ventar også. Ein skodespelartrupp dukkar opp. Dei vil spela eit stykke for dei ventande. Det utspelar seg eit sjalusidrama der på kaien. Liv og diktning blir surra saman.

– Du gjer ei vending med *Skodespelet*. Dette er noko anna enn det du har skriva tidlegare?

– Ja, *Skodespelet* det er også noko for seg. Eg trur kanskje det er noko av den same vendinga som skjer i *Skodespelet* som i *Vaim*. Historiene har ikkje noko med kvarandre å gjera, men kanskje stemninga kan minna litt.

Du har skildra det som ei lykke å koma inn i den flyten som skivinga er. Er det framleis slik etter nobelprisen?

– Ja, ikkje mindre, kanskje til og med endå meir. Eg har alltid sagt at eg skriv for å koma vekk frå meg sjølv. Trongen til å koma vekk frå meg sjølv har ikkje blitt mindre etter nobelprisen.

Jon Fosse vil leva som før og avgrensar seg difor så mykje han kan. Han blir truleg ikkje mykje å sjå på festivalen, men han får med seg nokre prøver på teaterstykket og møter nokre gjester. – Me får sjå om eg dukkar opp her eller der, seier Jon Fosse. •



Europeisk stjerneskot

Glastaka slår sprekkar når den unge belgiske kunstnaren legg Europa for sine føter. Lisaboa Houbrechts har på få år markert seg som ein markant, uredde og kreativ regissør som har fått utfalde seg på fleire av dei aller største scenane. Ho blir hylla for vakre og uttrykksfulle stykke der ho nærast komponerer gesamtkunstwerk i scenerommet. No opnar ho Hovudscenen med *Vinter* av Jon Fosse.

Av Ida Michaelsen

Ho går til arbeidet med same innstilling og har med seg eit knallsterkt kunstnarleg team som bringar musikk, mote, fargar, koreografi og bildekunst saman. Houbrechts har alt sett avtrykk etter seg på Dramatens Stora Scenen, under Wiener Festwochen, på Hannover Staatsoper og var den yngste nokosinne til å bli invitert til Comédie-Française, der ho sette opp *Medea*. Sjølv seier ho om verka sine at ho vil skape størst mogleg effekt med så lite som mogleg.

- Det ligg omtrent i DNA-et til flamsk kunst å arbeide interdisiplinært. Det belgiske teateret er mindre tekstbasert, og støttar seg sterkare til dans, performance og bildekunst, seier Houbrechts.

Det er sjeldan at ei kvinne som så vidt har passert 30 år kan skilte med ein slik imponerande bakgrunn. Men så har ho også tilført teaterkunsten noko nytt. Og noko kompromisslaust. Verka hennar er barokke, dristige, men også leikne og avvæpnande. Ho vil bevege publikum og gi tilbake ei kjensle som ho sjølv finn i kunsten.

- Å redusere eller eliminere er viktig i prosessen. Nokre gonger refererer eg til arbeidet mitt som *barokk minimalisme*. For meg er kunsten ein måte å pleie sjela frå mykje drama i det personlege livet. Kunst er ein måte å overskride det. Kunst er lækjande og gir ein grunn til å eksistere. Å finne skjønnheita i poesien, i livet, gir meg trøyst.

Tematisk har ho alltid vore opptatt av emne som gir gjenklang både i henne og i samfunnet rundt henne. Kjønns, seksualitet, men også interseksualitet og transseksualitet er emne som går igjeven i arbeida hennar.

- Det er også ei personleg levde historie. Og eg har ei kjensle av at eg treng eit stort lerret for å uttrykke desse indre rørslenes.

I Jon Fosses *Vinter* møtest ein mann og ei kvinne tilfeldig i ein park. Han er ein velkledd familiemann på forretningsreise, ho er lettkledd og utan framtidsplanar. Kvinna blir med mannen på hotellrommet og livet tar ei vending for mannen. I Houbrechts versjon blir rollene spelte av Kyrre Hellum og Tani Dibasey. Eit grep som gjer heile situasjonen både meir tvitydig og kompleks. Å lage portrett av menneske som korkje er offer eller overgripar er blant Houbrechts tankar, å skape menneske som publikum både vil elske høgare, eller også vere mindre lette å elske. Komplekse menneske, heile menneske.

- *Vinter* er skriven som eit reint heteroseksuelt stykke. Men ved å setje to menn inn i dette forholdet, spør han *Kan du sjå meg som ei kvinne? Kan du elske meg som ei kvinne?* Og vi undersøker korleis miljøet rundt dei reagerer på dette. Eg synest det er fint at vi kan utdupe stereotypiane og øydelegge dei, og heller vise noko på scenen som er meir lagdelt. Eg trur eg vel slike historier for å bryte stereotypiar, bryte tabu. Men eg vil ikkje bryte tabu berre for å gjere det. Eg vil opne opp, eg vil kjenne kjøtet i historia, i forteljinga, det politiske kjøtet, men utan å lage politisk kunst.

Lisaboa Houbrechts beundrar meir aktivistiske regissørar i samtida. Interesse for politisk kunst er sterk, men ho nærmar seg desse temaa og uttrykker seg på heilt anna vis. For henne er forma, sjølv kunstobjektet, eller teateret som kunstform viktig. Ho ser seg ikkje berre som ein estetikar, men er opptatt av kunstens poetikk.

- Estetiske val kan fortelje noko om forholdet vårt til omverda. Eg er ikkje redd kunst for kunstens eiga skuld. Ein må ikkje vere redd for den reine skjønnheita. •

Dette er eit utdrag frå intervjuet med Lisaboa Houbrechts. Les heile saka her →



VINTER

av Jon Fosse

Foto: Ole Herman Andersen

*«Å finne skjønnheita
i poesien, i livet,
gir meg trøyst»*



Premiere
på Vinter
5. september

Tyngda av suksess

Han har fått yatzy av 6-arar av kritikarane og er heidra med to gjæve Heddaprisar. Aftenposten har påstått at teatermakar og skodespelar Tani Dibasey viser ein ny veg for norsk teater. Ikkje rart teatersjef Kjersti Horn inviterte han inn i Institusjonen.

Av Åsne Dahl Torp

Da Tani Dibasey kom inn dørene på Det Norske Teatret, vandra coolness in persona over terskelen med musikkanlegg over skuldra. Det svinga med det same. Men samtidig entra også teaterets sterkaste kritikar bygget. Ein som har kalla teaterfolk "idiotar".

Sidan nyttår har han og Only Slime forsøkt å rocke opp i strukturane på Scene 3. Han har trekt inn popkultur, improvisasjon og anime og invitert inn nye fjes både på og bak scenen.

Tani vil helst at alle skal vere til stades 100 prosent. Han vil at det som blir vist på scenen skal vere ekte - på ekte.
- Går det an å vere autentisk på scenen? undrar han.
Det er ei gåte han ikkje klarer å knekke, men stadig undersøker.
- Vi nyttar impro nærast som ei terapeutisk oppdaging på scenen. Eg trur publikum opplever det veldig sterkt når dei ser nokon som prøver å finne ut av ting og som deler av seg sjølv og sine egne refleksjonar.

«It's called a play, so let's play!»

Framsyingane treng å bruke humor. Regissøren trur folk lyttar betre når dei ler. Men han meiner dei som jobbar på Det Norske Teatret tullar litt for lite.
- Eg håpar teateret har lært av meg å ha det litt meir gøy. It's called a play, so let's play! Det er leik, jo! seier han og slår ut med armene.

I haust skal han også stå på sjølvaste Hovudscenen og gi vekk regien til den belgiske stjerneregissøren Lisaboa Houbrechts i Fossestykket *Vinter*. I teaterkretsar ute på kontinentet blir det snakka om at ho har fått ein «amazing actor» i Dibasey. Rolla han skal spele er Ho, ei kvinneverole.
- Eg tenkte det var sunt for meg personleg å ikkje bestemme, og å følgje nokon andre sin visjon. Og så likte eg det Lisaboa ønskte å formidle med stykket. Eg er jo ein mann, men i teksten

blir eg omtalt som og omtalar meg sjølv som ei dame. Det er interessant og det kan føre til fleire spennande politiske samtalar og diskusjonar, seier han.

Djupast sett ønskjer Dibasey å lage teater for «mixed kids». Dei som står mellom fleire kulturar og ikkje kjenner nokon tilhøyrslø i det norske samfunnet. Sjølv er han redd for at stemma hans er blitt kommersialisert.
- Ho er ikkje rein lenger. No er eg ikkje lenger stemma til dei på gata.

Dette har inspirert han til å lage framsyninga *MAGIC MOUSE VS. CAPITALISM*. Der stiller han spørsmålet: Kva skjer med kunst, eller magien som i dette tilfellet, når han blir kapitalisert eller for kommersiell?
Sjølv meiner Tani at det han lagar ikkje er så forskjellig frå tidlegare produksjonar, som *Sorte gutter gråter ikke* eller *SAYKOLUHJEE*.
- Folk opplever det berre annleis, fordi det er på Det Norske Teatret, meiner han.

Tani Dibasey har framleis eit trøblete forhold til teateret. Han innser likevel at han er privilegert som kan leve av kunsten.
- Men så tenkjer eg at eg har ei stemme eg kan bruke for at nokre av dei som ikkje tør å ta plass, kan finne mot til å ytre seg.
Og så siterer han Ibsens *Catilina* med malmfull røyst:
- "Jeg må! Jeg må; så byder meg en stemme i sjelens dyp, - og jeg vil følge den". •





Premiere
på **Vinter**
5. september

Foto: Monica Tormassy

VINTER

av Jon Fosse

Av med allversjakka. På med haute couture!

Han er lett å få auge på. Med sine 191 centimeter nærast svever Oumar Dicko gjennom korridorane på teateret. Ikkje eit plagg er tilfeldig, og elegansen han tek med inn på sin nye arbeidsplass er påfallande.

Av Ida Michaelsen

Belgiaren med røter frå Mali er utdanna frå eit av Belgias mest anerkjente mote- og kunstakademi. Kjærleiken til tekstil kjem frå ein oppvekst med stoff, plagg og tilgang på mønster og fargar på tøyestykke som faren tok med seg frå reiser i heimlandet.

Når Fossefestivalen opnar med *Vinter* på Hovudscenen er kvardagskledda bytt ut med skreddarsaum.

- For meg er det viktig å skape karakterar. Eg ønskjer å bygge eit uttrykk basert på tekstgrunnet, skodespelaren som skal gi kropp til rolla, og korleis rollefiguren skal opptre i scenerommet. Eg ønskjer å bidra til at skodespelaren får eit ytre lag som løftar han inn i rolla. Kostymet blir ein sentral reiskap for å modellere rolla.

Sterke motetradisjonar

Oumar Dicko har trass i sin unge alder rokke å fordjupe seg i poesi, i klassisk dans, i mote, skreddarsaum og historie. Han skjeglår ikkje til trendar eller raskt skiftande motebilde. For han er det klassiske handverket like viktig som den kreative nyskapinga. Da Oumar Dicko blei uteksaminert frå Royal Academy of Fine Arts of Ghent i 2020 hadde han inngående

kjennskap til den rike tradisjonen han no er vidarefører av. Kunstskolen er ein av dei eldste i Belgia. Visjonen for akademiet har Oumar Dicko klart å etterleve. Det er nemleg eit uttalt mål at studentane skal utfordrast til å utvikle sin eigen kunstnarlege praksis. Å vere konstant utforskande, stille spørsmål ved og presse grensene for mediet er ambisjonen.

Allsidig kunstnar

Og pressa grenser har han. Gjennom bakgrunnen som dansar og erfaringa frå ulike kunstfelt var det naturleg å bevege seg inn i scenerommet. På få år har han vist talentet sitt som kostymedesignar for opera-, teater- og danseproduksjonar i Brussel, Antwerpen og Stockholm. No står Oslo for tur.

- Eg startar alltid med teksten, seier Oumar Dicko.

- Eg følgjer produksjonen heile vegen, frå casting til første prøvedag, gjennom prøveperioden, eg er alltid der for å føle og sjå korleis skodespelarane ter seg, korleis dei kommuniserer. Eg teiknar undervegs, og gjennom prosessen nærmar eg meg det som blir konseptet.

Dette er eit utdrag frå intervjuet med Oumar Dicko. Les heile saka her →



SKODESPELET

av Jon Fosse



Marianne Krogh, Kenneth Homstad og Thea Lambrechts Vaulen.



Alle foto: Siren Høyland Sæter

Sigrid Kandal Husjord.



Gina Bernhoft Gørvell, Mohammed Aden Ali og Kenneth Homstad.



Heile ensemblet i *Skodespelet* samla på Scene 2.



Urpremiere på
Skodespelet
6. september

Thea Lambrechts Vaulen

Aktuell i *Skodespelet* av Jon Fosse i haust.

Fortalt til Åsne Dahl Torp

For meg handlar *Skodespelet* om dei indre spenningane i oss menneske, mellom fornuft og kjensler, mellom tryggleik og begjær, og mellom det trivielle og det opphøgde. Ventinga og håpet om at det kan skje noko stort og meningsfullt som kan endre livet, samtidig som det heile plutselig kan vere over.

Kva er det raraste du har gjort i research til ei rolle?

- Av og til kan eg herme etter korleis folk går, om dei har eit fascinerande ganglag. Eg trur heldigvis eg aldri har blitt tatt i å gjere det.

Alle har jo gløymt replikkar på scenen. Kan du fortelje om ein gong det skjedde deg?

- Ein gong på turne med *Peer Gynt* og Riksteatret gløymde eg ein replikk nesten heilt i starten av ein scene. Det var ekstra kinkig sidan stykket går på rim, så det var vanskeleg å improvisere noko nytt. Eg stod der og leitte febrilsk i hovudet i det kjentest som fem minutt, men sikkert berre var nokre sekund. Til slutt sa eg berre: «Ja», snudde meg

og var på veg ut av scenen, heilt tom. Heldigvis hoppa medspelaren min litt fram i teksten og kasta ut ei linje som fekk meg inn att.

Kva er det mest minneverdige som har skjedd deg bak scenen?

- Det er gjerne like kjekt å vere bak scenen som på. Vi har ofte veldig interessante samtalar der. Eg trur kanskje vi blir veldig opne når vi er i spelemodus, samtidig som vi ventar og ikkje har så mykje anna å gjere. Men det gjeld å ikkje bli for opphengt i ein samtale. Da kan ein gløyme seg og ikkje gå på scenen når ein skal. Det har vore nære på, skal eg innrømme, og da får ein hjartet i halsen!

Fullfør setninga: "Eg visste eg ville bli skodespelar da eg..."

...skjøna at eg kunne ha det som jobb. Det var kanskje på ungdomsskolen.

Kva er det beste ved å vere skodespelar?

- Å få jobbe med så mange spennande og flotte folk. Vi møter stadig nye menneske og kunstnarlege retningar,

og det gjer at vi heile tida lærer noko nytt – ikkje berre om faget, men også om oss sjølv og verda.

Om du skulle hatt eit anna yrke – kva skulle det ha vore?

- Kanskje jobbe i eit laboratorium. Det verkar spennande å finne ut korleis ting fungerer og heng saman, og eg likar tanken på å jobbe med noko praktisk og konkret.

Kva er din guilty pleasure?

- Å spele eit dataspel som heiter *Heroes of Might and Magic 3*, fleire timar i strekk. Eg hamnar i flytsona og gløymer tid og rom. Men så føler eg vel at eg eigentleg burde brukt tida mi meir fornuftig. Og så kan eg bli så emosjonelt investert at eg blir veldig sint om det ikkje går min veg, hehe.

Har du ei kulturanbefaling?

- *Marianegropen* av Ida Lødemel Tvedt. Ei innsiktsfull, skarp og humoristisk essaysamling, som fekk meg på nye tankar.

Kunsten å flykte

Édouard Louis har gjort flukta til livsprosjektet sitt. I Kjersti Horns regi blir denne kampen levd på nytt. Men kan ein eigentleg flykte frå seg sjølv? Édouard Louis er årets festivalprofil under Den internasjonale Fossefestivalen.

Av Erlend Tårnesvik Dreiås

Kjersti Horn er ute og et middag med Édouard Louis. Dei kjenner ikkje kvarandre så godt enno. Plutseleg seier Louis: - Synest du ikkje det er fantastisk, Kjersti, at du kan dra til eit anna land, og plutseleg er du eit heilt anna menneske?

Inni seg tenkjer Kjersti at, - *Nei, det forstår ikkje eg.*

Det er mange år seinare, og vi sit på kontoret til Kjersti Horn, teatersjefens kontor, på Det Norske Teatret. Vi snakkar om det mangeårige samarbeidet og vennskapen med Édouard Louis. Om framsyninga ho arbeider med no, *Forandre seg: metode*, som handlar om Louis si flukt frå staden han vaks opp og den ekstreme forandringa for å bli ein annan. Og det er da dette minnet kjem, og spørsmålet frå Louis under denne middagen. - Dette har eg tenkt på så mange gonger etterpå: At Édouard har kjent på ei form for utanforskap. Mens min utanforskap er ein som eg *ikkje* kan flykte frå.

Eit anker og ei plikt

Første gong Kjersti Horn høyrde om Édouard Louis, var på radioen. Han snakka om debutboka si, *Farvel til Eddy Bellegueule*. Om oppveksten i Nord-Frankrike, om fattigdom, rasisme, homofobi, utanforskap. Om strukturane som låser menneske fast. Édouard Louis, knapt 20 år, hadde brote fri. Han hadde skapt seg eit nytt namn og eit nytt liv. Og han hadde skrive ei bok om det.

- Eg tenkte at dette mennesket har ei evne til å snakke om verda og kople det til sine eigne erfaringar på ein måte eg ikkje har høyrte eit ungt menneske gjere før. Så da sprang eg ut og kjøpte boka. Og eg las ho fort - for ho er jo kort, haha - og så ringde eg til skodespelar Emil Johnsen med ein gong. «Dette kan du spele,» sa eg til han.

Sånn blei det.



Kjersti Horn har hatt regi på fem framsyningar skrivne av Édouard Louis. Frå øvst til venstre: Emil Johnsen i *Farvel til Eddy Bellegueule* (2015), Emil Johnsen og Preben Hodneland i *Valdens historie* (2017), Emil Johnsen i *Kven drap for min* (2019), Sigrid Husjord og Emil Johnsen i *Ei kvinnes kampar og forvandlingar* (2023) og Vetle Bergan som skal spele i *Forandre seg: metode* (2025).

I 2015 var det urpremiere på teaterframsyninga *Farvel til Eddy Bellegueule* på utestaden Jaeger. Édouard Louis var sjølv til stades, han tusla rundt i det vesle kjellarlokalet i Oslo.

- Han er veldig spesiell!! Eg hugsar første gong eg møtte Édouard. Det var nesten som å treffe Jesus. Han har ein spesiell måte å vere på. Veldig klår i blikket sitt på verda. Tydeleg utan å vere agitatorisk.

På 10 år har Kjersti Horn laga teater av fem av romanane hans. Det har blitt som eit slags anker i hennar eigen kunstnarsskap. – Måten Édouard snakkar om verda, urettferd, utanforskap og ulikskap på, blir ei påminning om kvifor vi held på med dette. Han er heilt kompromisslaus, set seg sjølv inn i det kunstprosjektet – og politiske prosjektet – så fullstendig, og gjer seg sjølv veldig sårbar i det han skriv.

Fordi det er så personleg for Édouard, har Kjersti Horn også kjent det som ei plikt å lage teater av bøkene hans. I haust er det urpremiere på *Forandre seg: metode*, ein slags tematisk oppfølging til debutromanen. Åleine på scenen står skodespelar Vetle Bergan.

Ekstrem forvandling

Teateret, skriv Louis i *Forandre seg: metode*, hadde fått han til å forstå at viss han ønskte å bli ein annan, måtte han spele det, heilt til han blei det. I boka skildrar han den harde kampen for å skape seg om. Han gjennomgår ei ekstrem klassereise, og

skaper seg sjølv på nytt. Den symbolske handlinga i å endre namnet Eddy til Édouard – som tittelen på debutboka viser til –, er sentral i dette, men forvandlinga verken startar eller sluttar med namneendring.

I ein alder av litt over tjuo år, hadde han gjennomgått fleire operasjonar, funne opp nye måtar å bevege seg på, snakke på, ete på, og han hadde kvitta seg med den nordfranske barndomsdialekta si.

Det er ei ekstrem historie, meiner Kjersti Horn.

- Ein kan tenkje at dette er ei lykkeleg *Billy Elliot*-historie. Men når han snakkar om alt han har måtta forsake, og korleis han sjølv har svikta menneske som stod han nær i ein desperat kamp etter å bli noko anna enn den han i kjernen faktisk er, så er det veldig, veldig sørgjeleg. *Forandre seg: metode* synest eg eigentleg er ei ganske fæl historie.

Det personlege er politisk

Édouard Louis har sagt at fiksjon er ein luksus han ikkje har råd til. Derfor må historiene hans vere sanne. Men sjølv om det er personlege historier han skriv, så er det nokre universelle tema her.

- Eg hugsar da eg gjekk på teaterskolen, så laga eg ei barneteaterframsyning som handla om funksjonshemma barn og seksualitet. Da sa læraren min: «Kanskje du burde lage noko meir allmenngyldig?» Men eg trur det er det motsette som er



FORANDRE SEG: METODE

av Édouard Louis

svaret. Jo meir spesifikt du går inn i det som berre du kan vite, jo meir vil det opne opp for ting som alle menneske går og gøymer inni seg. Uansett om det er likt eller ikkje.

Kjersti Horn tenkjer at det er nettopp dette Édouard gjer så fenomenalt. Han gjer det personlege politisk.

- Ein snakkar mykje om gjenkjenning, men det Édouard gjer, er veldig spesifikt. Han fortel berre om seg sjølv. Han er utruleg dyktig på å ta det heilt vesle ut og sjå korleis verda heng saman gjennom det. Det er ein fantastisk eigenskap. Og det er det som opnar historiene hans opp for mange.

Krafta i audmykinga

Édouards utanforskap er den seksuelle legninga hans. I *Forandre seg: metode* innser han at begjæret er den viktigaste årsaka til at han måtte flykte. Audmykingane han opplevde i oppveksten, var det som tvinga han til å bli fri.

- Det synest eg er veldig fint i denne teksten. Det er ein slags motor, at han plutselig forstår at om han ikkje var homofil, så hadde han ikkje gjort dei ekstreme vala. Da hadde han blitt igjen der, blitt som broren, som går under. Og det er interessant, når ein følger ein forfattarskap så tett, at det er innsikter som kjem undervegs. Det er eit anna perspektiv der no, som han ikkje skriv om i dei første bøkene sine.

Flukt har vore eit gjennomgåande tema i fleire av bøkene Édouard Louis har skrive. *Monique flyktar* handlar om flukta til mora. Den nye romanen som kjem i haust, *Kollaps*, handlar om broren, som ikkje fekk til å flykte, og drakk seg i hel.

Men først og fremst er det si eiga flukt Louis har skrive om.

Kunsten og flukta

For Louis var flukta eit spørsmål om liv og død. Men i *Forandre seg: metode* kjem han også til innsikta at flukta kanskje ikkje er mogleg.

- Han skriv at han trudde han kunne flykte, men han lykkast jo ikkje med det. Han har seg sjølv med seg heile vegen. Og mot slutten tenkjer han at det var kanskje ikkje det å flykte som var svaret.

I staden går han inn i det. Han begynner å skrive om eigen oppvekst. Først blir han avvist av fleire forlag. Ingen ville tru på det han hadde skrive. Så mykje fattigdom og vald kunne ikkje eksistere i Frankrike, fekk han høyre. Men 21 år gamal debuterte han som forfattar, og *Forandre seg: metode* sluttar der. Å kunne sette ord på eigne opplevingar, kjensla av utanforskap, er ledd i det å bli fri for han.


Å finne svar i kunsten, har også vore sentralt for Kjersti Horn.

- Eg jobbar jo med teater, og det er eit slags eksistensielt

prosjekt for meg. Eit forsøk på å finne ein måte å vere i verda på. For Édouard er det skrivinga. Og krafta i det, kan eg eg kjenne meg veldig igjen i. Det er ein måte å prøve å finne ein stad det er plass til ein. Finne ein stad der ein kan – saman med andre menneske – forsøke å forstå, vere i dilemma, eller i sårbarheit som ein kanskje ikkje har ord for. Édouard skriv jo den same boka om igjen og om igjen. Så det er ikkje sånn at han kjem seg ut av det. Men det er i alle fall ein stad der han kan vere.

Festivalprofil under DIFF

Når Det Norske Teatret og Det Norske Samlaget i haust arrangerer den fjerde internasjonale Fossefestivalen, er Édouard Louis festivalprofil. Han skal sjølv stå på scenen i monologframsyninga *Qui a tué mon père/Kven drap far min* i regi av Thomas Ostermeier, som er eit gjestespel frå Schaubühne Berlin. Louis skal også vere med i ein samtale med Kjersti Horn før urpremieren på *Forandre seg: metode*. •



I 2022 blei kunstnarleg team og framsyninga *Valdens historie* invitert til Brandhaarden festival i Amsterdam. Frå venstre: Édouard Louis, Kjersti Horn, Emil Johnsen, Preben Hodneland og Erik Hedin.



Urpremiere
på **Forandre
seg: metode**
10. september

Foto: Monica Tormasøy

Vetle Bergan

Aktuell i *Forandre seg: metode*, *Einkvan* og *Juleoratoriet* denne hausten.

Fortalt til Åsne Dahl Torp

No er han aktuell både i *Einkvan* og med premiereframsyningane *Juleoratoriet* og *Forandre seg: metode*.

- Eg skal mellom anna framføre teksten *Forandre seg: metode*, ein monolog basert på boka med same namn av Édouard Louis, i Kjersti Horn sin regi. Det handlar om klassereisa han gjorde, frå ein oppvekst i fattigdom i Nord-Frankrike, til å jobbe seg oppover i den intellektuelle, litterære middelklassa i Paris.

Det er eit uttrykk på fransk som seier «den sosiale heisen er øydelagd», og som refererer til at den sosiale mobiliteten i Frankrike er nesten ikkje-eksisterande. Gjennom å forandre seg sjølv skal Édouard ha klart det, og i *Forandre seg: metode* beskriv han denne reisa. Han fortel også om korleis han brukte det å bli håna for å vere homofil som ei drivkraft for å få sosial og intellektuell status.

Kva er det raraste du har gjort i research til ein rolle?

- Det var under førebuingane til *Utiset* med regissør Lisa Lie her på teateret. Eg var vaken ei heil natt på ein gravplass frå mellomalderen, og fekk beskjedar frå forfedrane mine om korleis eg skulle spele nisse.

Alle har jo gløymt replikkar på scenen – kan du fortelje om ein gong det skjedde deg?

- Eg spelte i *Arven* på Nationaltheatret, og skulle seie «La oss snakke om økningen i narkotikamisbruk, hjemløshet og ...» «Selvmord!» sa suffløren. Eg: «Hæ?». «SELVMORD!» sa suffløren. Da var eg plutselig påkopla igjen, og kunne halde fram: «...selvmord blant unge LHBT-ere.» Det var litt uheldig.

Kva er det mest minneverdige som har skjedd deg bak scenen?

- Under *Into the Woods* hang eg i ein vaier ni meter opp under taket. Etter

eg blei heist ned, hekta vaieren seg fast i ein lysrigg som deisa ned på sidescenen – nett der eg og fleire hadde stått berre få sekund tidlegare. Da tenkte eg: Er det verkeleg verdt det?

Fullfør setninga: "Eg visste eg ville bli skodespelar da eg..."

- fekk vurdering etter eksamensframsyninga på dramalina ved St. Hallvard videregående skole. Da sa ein av lærarane til meg at eg kunne bli skodespelar dersom eg ville. Eg veit ikkje om eg hadde prøvd det, om ho ikkje hadde sagt det!

Har du ei kulturanbefaling?

- Filmene *Queer* av Luca Guadagnino og *Zone of interest* av Jonathan Glazer. Og så gler eg meg til det nye albumet til Joanne Robertson, som kjem 18. september!

Kva er det beste ved å vere skodespelar?

- Når sal og scene blir foreinte, og ein gløymmer tid og stad.

- Ikkje synest synd på meg!

Eg lever med to ulike tystnadskulturar, seier Faysa: - Somaliarane sin og det andre Sverige sin. Faysa Idle, fødd 1998, var 25 år då ho slo igjennom med den sensasjonelle oppvekstskildringa *Ett ord för blod*. Sensasjonell, for her kom ei ung kvinne som fortalde om livet i eit bustadområde som har fått omverda til å sjå på Sverige med heilt nye auge.

Av Åsa Linderborg • Omsett av Inger Johanne Sæterbakk

Same året, i 2023, døde 121 personar i ulike skytingar. Talet sprengingar, av portrom og anna, var 149. Gjerningsmenn og offer var for det meste svært unge menn. Mange hadde, som Faysa, somalisk bakgrunn. - Mor mi har fått mykje kritikk for sjølvstenda mi. «Sjå korleis ho skriv om oss overfor dei kvite», kan somaliarane skrive på ulike nettforum. Dei påstår at eg ikkje lenger er muslim, dei forsøker å ta religionen frå meg.

Med «det andre Sverige» meiner Faysa den politisk korrekte offentlegheita.

- I Noreg får eg andre spørsmål, dei er meir rett på sak om ære og korleis kvinnene i orten lever. I Sverige er dei så feige, om eg slumpar til å seie noko blir det store overskrifter.

«Orten» er forstaden Tensta, ei dryg mil nordom Stockholm. Det er hus på hus som vart bygde i 1960-åra for å løyse ein akutt bustadmangel. Der bur det 18500 personar, og 89 prosent av dei har utanlandsk bakgrunn. Der skapar nedarva traume og segregasjon ein psykisk vonlaus, fysisk brutal og politisk brennbar cocktail.

Mor til Faysa er med sine tre jobbar ein typisk representant for den etnofiserte arbeidarklassen. Faren er ein annan stad. Søskenflokket er stor. Ein bror vart jurist, ein annan kriminell og ein arbeidsam bror vart skoten då han køyrde drosje.

Det er dette livet Faysa har framstilt i *Ett ord för blod*.

Faysa sitt liv er ei sak, men det er språket hennar som gjer boka til litteratur. Det er kraftfullt og kreativt, med klare forbindingar til slampoesi-tradisjonen.

- Familien vart redd første gongen eg stilte meg på ein scene og las dikta mine. Dei skjemdest; eg tok plass og orda mine var farlege.

Kvinner skal ikkje synast, dei har ikkje rett til orda, men det var likevel mora sin kjærleik til poesi som styrte Faysa mot litteraturen. Skulen beskriv ho som «ein vits».

- Vi fekk bestått berre vi møtte opp i timane, vi lærte ingenting. Dei fekk iallfall bruke den svensken dei kunne slik dei ville, sjølv om språket var avgrensa. Det vart ikkje tvinga gjennom middelklassens poleringsmaskin.

- Alle kan måle i bilete med sine egne språk, alle kan leike med dei orda dei har.

Ordleiken handlar ofte om døden, han som stadig er nærverande, ettersom så mange rundt dei døyr. Barn skyt barn i ulike gjengoppgjær, mens politikarane kappast om å skjerpe straffene.

- Om du ikkje har noko å tape, så spelar det inga rolle. Du er kapabel til kva som helst, seier Faysa.

Bror hennar, Bilal tilhørde den kriminelle gjengen Shottaz, som låg i krig med Dödspatrullen.

Jentene og kvinnene vart råka av ein annan vald: kontrollen over kjønnet og kroppane deira.

- Det er gutane som bestemmer kven som er ei hore, og den jenta som får det stampelet kan aldri gifte seg, livet kan bli øydelagt.

Somaliarane seier at det er dei andre, dei frå Midtausten som held på med ære, ikkje vi.

- Men det stemmer ikkje, alle har grenser for kva ein får gjere.

Alle får juling heime av brørne eller foreldra sine, det er heilt normalt, ikkje noko ein snakkar om. Eg godtok det til slutt ikkje. Faysa gjekk bak ryggen på mor si og kontakta sosialtenesta.

- Dei hjalp meg med å forstå at eg er medavhengig med bror min.

ORD FOR BLOD

av Faysa Idle



**Nypremiere på
Ord for blod
11. september**

Foto: Geran Bohlin / VG

Å skrive *Ett ord för blod* var ein frigjeringsprosess som gav Faysa tilgang til «det andre Sverige».

- Først gjekk eg meg vill i suksessen og prisane. Eg vart ein people pleaser. Før var eg ikkje redd for å miste noko eg ikkje hadde tilgang til, men no er eg det, no passar eg på meg sjølv.

Samtidig er ho redd for ikkje lenger å høyre til forstaden. Korleis er det i dei fine romma? spør vennane hennar nyfikent. - Svaret er, at der blir eg gjort mindre. Eg har ingen pengar og blir berre sett på som ei smart gettojente som har hatt flaks og tilfeldigvis hamna på rett stad, eg må alltid forklare for dei korleis det er i jungelen. Må alltid forsvare alt, trass i at eg fram til no nyleg berre var eit barn. Eg må alltid be om orsaking for

den kriminelle bror min, trass i at eg aldri har forsvart det han har gjort, men når alt kjem til alt er han framleis bror min.

Faysa vart ordknapp, stille.

- I dag har eg funne ein balanse gjennom kunsten min. Mi første diktsamling kjem snart.

Kva seier du til det norske teaterpublikummet, som kanskje sit der og synest synd på deg?

- Det er fornedrande! Eg har jo vist at eg er sterk og har klart det! Vi i forstaden veit allereie at vi er «stakkars», ein kjenner seg som eit velgjerdsprosjekt. Det vil ein jo faktisk ikkje vere. •

Artikkelen er henta frå programmet til *Ord for blod*, produsert av Riksteatret og Det Norske Teatret.

DRAGONBLOOD

av Only Slime

Ver deg sjølv!

Only Slime er resultatet av at to nerdar frå ulike kontinent fann kvarandre og bestemte seg for å starte eit band. No samplar dei alt av populærkultur og lagar teater i lag på Scene 3. Dei er aktuelle med *DRAGONBLOOD*, definitivt noko heilt utanom det vanlege.

Av Åsne Dahl Torp

Når publikum går gjennom dørene på Scene 3, kjem dei inn i det Tobi Pfeil og Claudia Cox i Only Slime kallar «Valhalla taverna».

- Eit gotisk fantasy-univers, forklarar dei to.

I dempa lys under blinkande lysekroner står bar-bord tett i tett rundt det som kan vere både eit langbord og ein catwalk. I eit hjørne står ein elektrisk stol, i eit anna ei påfugl-trone. I eine enden av rommet ruvar eit stort Nerdrum-inspirert måleri, midt på golvet er ei diger gull-kiste (ei slik til å gravlegge menneske i), og rundt i rommet går skodespelarar kledde i latex-klede, masker og bondage. For mange er dette rett ut eit kultursjokk! For andre: Frigjerande og crazy.

- Publikum må gjerne komme i kostyme, ta ein sjølvi med ein viking i gapestokken, ta seg eit glas og bli med og danse, seier Tobi.

- Vi ønskjer at publikum skal kjenne seg frie til å vere den dei er, legg Claudia til.

Ta tak i livet

Med *DRAGONBLOOD* lagar dei si tredje teaterframsyning i lag som duo. Vi møter Julie, som får i oppdrag å drepe ein drake. For å løyse oppdraget, får ho hjelp av vikingar, ASMR-hekser og alvar.

- Det er mykje humor i framsyninga, men temaet er eigentleg ganske alvorleg, seier Tobi.

- Det handlar om å akseptere det som er annleis i deg sjølv,



Premiere på
DRAGONBLOOD
13. september

utdjupar Claudia.

- Gjer noko viktig med livet ditt, seier Tobi.

- Ja. Ta tak i det! legg Claudia til.

Dei kallar *DRAGONBLOOD* ein fantasy-opera. Musikalsk er det ei blanding av sjangrar som glitchcore, hyperpop, metal og elektronika (for å nemne eit lite knippe sjangrar), med ein dæsj 80-tals puddelrock-gitar og mange lag med autotune. Duoen er også inspirert av dataspel, anime, internettkultur, LARPing og MMORPG. Mellom ein drøss andre ting. Det kan opplevast ganske intenst.

Dragonblood-festival

Etter framsyninga *DRAGONBLOOD* inviterer Only Slime til ein del to, der publikum får møte nokre av favorittartistane deira.

- Til dømes kjem Team Rolfes frå USA, som mellom anna har samarbeidd med Lady Gaga, Metallica og ARCA, seier Tobi, med stjerner i auga.

Andre artistar publikum kan oppleve ulike dagar er Lil Mariko (US), The Grant (NO), NEKO3 (DK), Dragongirl (DK), Yohan (NO), Frida Marida (LB), Kevin Peter He (CN) og DJ Trick (US).

- Så kast deg ut i det, er oppfordringa frå dei to.

- Ta med deg den delen av deg sjølv du ikkje får vere til vanleg. Og kven veit, kanskje vil du komme litt nærare noko du ikkje heilt forstår? •

• ASMR: Autonom sensorisk meridianrespons, den prikkande kjensla som gir ei god kjensle. Internett er fullt av videoar og podkastar med folk som lagar lydar folk elsker å høyre på. Google det!
• LARP: Live Role Playing Game er live rollespel, der ein leikar karakterar og gjerne kler seg ut.
• MMORPG: Massive Multiplayer Online Role Playing Game er online dataspel der ein inntar ei rolle, omtrent som LARPing, berre at det heile skjer i eit dataspel. World of Warcraft eller Final Fantasy er eksempel på dette.

PIPPi • PÅ • SIRKUS

Saman med Björn Ulvaeus har Maria Blom og Tilde Björfors skrive stykket basert på Astrid Lindgrens historie om da Pippi, Tommy og Annika drog på sirkus og møtte sirkusprinsessa Miss Carmencita, linedansaren Elvira og verdas sterkaste mann Sterke Adolf. Pippi på sirkus er ein godtepose fullpakka med alt som er morosamt.

NOREGSPREMIERE 18. APRIL 2026

BILLETTAR I SAL NO!



Symfonisk og leikent

Oddgeir Thune er aktuell med *Juleoratoriet* på Hovudscenen. Han har sjonglert teater, film og TV-seriar i ei årrekke og har eit fjes mange trekkjer kjensel på. Er han ikkje... kjærasten til Pørni? Ektemannen i *Elskling*? Typen til laksearvingen i *Milliardærya*?

Av Ida Michaelsen

Joda, han er det. Og så er han forlova med Pia Tjelta. Men han er ikkje berre kjærastemateriale. Dei seinare åra har han spelt i mange av dei store publikumsvinnarane på teaterets største scene. *Tid for glede*. *Snøsøstera*. *Heil ved*. Oddgeir Thune har den gáva at han kan skape seg om til nærast kven og kva som helst. I haust er han aktuell som Sidner Nordensson i Gøran Tunströms *Juleoratoriet* som har premiere på Hovudscenen i november. Romanen om familien Nordensson som får livet snudd på hovudet da mor Solveig ramlar på sykkelen og døyr, blei utgitt i 1983 og var det verket som fekk alle til å lese Tunström. Det er ein stor roman som strekkjer seg over fleire generasjonar, fleire kontinent og over ein lang tidsperiode. Sidner er berre 12 år da han blir vitne til mora sitt dødsfall. Faren Aron blir taus, og klarer ikkje ta seg av sonen. Sidner sørgjer og søker kjærleiken langt heimanfrå. Barnebarnet Victor er den som klarer å realisere bestemora sin visjon om å oppføre det monumentale verket av Bach i den vesle småbykyrkja i Sunne i Sverige.

Juleoratoriet er med andre ord ei forteljing som rommar dei store temaa, om liv og død, kjærleik og sagn, lengslar og forventningar, kva kunsten kan bety i eit liv og – ikkje minst – traume som går i arv i generasjonar. Familietraumet som ligg i DNA-et til familien Nordensson blir eit fascinerande prosjekt å jobbe med for Oddgeir Thune.

– Eg trur slike traume kan gå i arv, anten ein er klar over det, eller ikkje, seier han.

Da han arbeidde med *Utisetå*, eit prosjekt i regi av Lisa Lie, kjent for framsyningar der mytar, det okkulte og det makabre gjerne dukkar opp, hadde dei samtalar om dette. Korleis genetikken går gjennom generasjonar.

– Det egget du kjem frå er laga i bestemor di! Det er jo litt vilt å tenkje på. Eg trur til dømes at dragninga mi mot havet, fiske og naturen kjem frå ein stad. Og når det gjeld traume, så er det sikkert noko der også, utan at eg er heilt klar over det.



Foto: Monica Tormassøy

JULEORATORIET

av Göran Tunström



Solveig Nordensson hadde nesten oppfylt ønsket om å framføre *Juleoratoriet* med det lokale koret. Kort tid før konserten dør ho og med henne fell heile prosjektet saman. Sidner flyktar inn i litteraturen og kunsten og blir etter kvart ein forsiktig og plaga ung mann. Han søker mot kjærleik og trøyst hos kvinner som er langt eldre enn han sjølv og forsøker å gjere opp for ei familiesynd som faren gjer seg skuldig i. Victor, barnet han får med ei av desse kvinnene, er den som vender tilbake til Sunne, nokre tiår seinare. Byen er forvandla, men trass i utviklinga som har endra det vesle samfunnet er barnebarnet fast bestemt på å gjennomføre bestemoras draum.

Oddgeir Thune har heldigvis ingen ufullførte familieprosjekt som er lagt på hans skuldrer frå førre generasjon. Det ligg ingen urealiserte draumar som han kjenner ansvar for å verkeleggjere.

- Om det skulle vere noko, så er det kanskje at det er mange i familien som hadde ei kunstnarleg åre som ikkje resulterte i eit livsverk. Mor mi hadde ein draum om at eg skulle danse ballett. På den vesle staden eg vaks opp, hadde det vore sosialt sjølv-mord, så det var ikkje aktuelt, seier han og ler høgt.





- Men eg har det med meg i det eg gjer på scenen, eg vil alltid leite etter ei fysisk løysing også. Kanskje mor eigentleg hadde lyst til å danse ballett sjølv? Det må eg spørje henne om, seier Oddgeir.

Eirik Stubø har regi, ein mann Oddgeir Thune har arbeidd med tidlegare.

- Eirik er ein smarting som klarer å snakke enkelt om kompliserte ting. Nesten som ein hypnose, hehehe! Han forenkler store kompliserte verk like sjølvsgagt som han snakkar om musikk. Det er frigjerande. I framsyningane hans er teksten, saman med musikken, i sentrum.

Samstundes som *Juleoratoriet* er eit varmt og sårt portrett

av ein liten by, tar forteljinga utgangspunkt i ein råka familie. Ho tar for seg dei store spørsmåla og løftar fram trua på kor vakker kunsten kan vere, men også kor nærast destruktiv han kan verke, når ein sjølv ikkje har det bra. Forteljinga har trass det tidvis såre temaet, også noko leikent ved seg, og tittelen speglar også innhaldet. I likskap med Bachs musikk, har forteljinga nokre symfoniske høgdepunkt.

- Eg digge Bach, eg! Dette kjem til å bli stort. Hovudscenen kjem til å kle det store verket til Bach og den rike og originale generasjonsforteljinga som skal falde seg ut, seier Oddgeir Thune. •



Premiere på
Juleoratoriet
22.november

Morten Svartveit

Aktuell i *Juleoratoriet* og
Europavisjonar denne hausten.

Fortalt til Åsne Dahl Torp



Foto: Siren Høyland Sæter

Hhaust skal eg sette meg inn i lagnaden til Aron i *Juleoratoriet*. *Juleoratoriet* er ein stor roman på alle måtar. Han strekker seg over fleire kontinent og over fleire generasjonar, men rommar også ein stor tematikk: livet og døden, og korleis ein skal manøvrere førstnemnde når ein vert konfrontert med sistnemnde. Også korleis kunsten brukast i den prosessen.

Samtidig skal eg også halde fram med å spele ulike roller i *Europavisjonar*. Mellom anna har eg rolla som Volodymyr Zelenskyj.

Kva var din aller første replikk på ein scene – og korleis gjekk det?

- Det var «Rimi, Kiwi, Spar og EPA... kvar finn eg den beste nepa?» Det var i russerevyen på Voss, ein lett satirisk og lyrisk samtidskommentar, kan ein vel seie. På den tida poppa det opp nye daglegvarebutikkar stadig vekk. Eg kan hugse at folk lo, og det gav meirsmak.

Fullfør setninga: "Eg visste eg ville bli skodespelar da eg..."

- var ti år og såg *Les Misérables* på Det Norske Teatret, kunne eg ha svart. Men det er ikkje heilt korrekt, for eg skjønnte ikkje at eg kunne bli skodespelar da.

Etter tre år på juss-studiet i Bergen tok eg meg eit pauseår for å gjere noko eg absolutt ikkje visste nokon ting om; å synge, danse og spele teater. I Oslo møtte eg teaterpedagogen Alexandra Myskova. I møte med henne skjønnte eg at dette var eit fag ein verkeleg kunne fordjupe seg i, og at det stort sett berre er du sjølv som kan sette grenser for kor djupt du kan eller vil gå.

Alle har jo gløymt replikkar på scenen. Kan du fortelje om ein gong det skjedde deg?

- Det var også her på teateret, eg spelte rolla som Einar i *Brand*. Det var fullsett sal. Midt i ein dialog med Svein Tindberg sin karakter på scenen, fekk eg fullstendig jerneteppe. Teksten gjekk på rim, så eg klarte ikkje å improvisere rundt det heller. Eg hugsar suffløren gav suffli, men eg hørde ikkje kva

ho sa. Det stod heilt stille. Etter tredje runde med suffli på same replikken gjekk eg bort og spurde: «Kva var det du sa?» Eg gjekk tilbake til Svein, sa replikken, han svarte og eg stod fast på nytt. Heilt blankt. Den hausten var eg livredd kvar gong eg gjekk på scenen. Det var heilt forferdeleg!

Har du ei kulturanbefaling?

- I sommar var eg på Fotografiska Museet i Stockholm, og der såg eg ei utstilling som greip meg sterkt. Vi hadde eigentleg dratt dit for å sjå fotografia til Anna Clarén, men der var også ei utstilling med fotografen Anton Corbijn. Vi kunne oppleve utviklinga i kunstsnskapen hans samtidig som vi fekk historia bak bilda på øyret. Han er utruleg god til å fange situasjon og blikk på same tid, synest eg. Så det er mitt tips: Gå på Fotografiska Museet i Stockholm.

Kva er det beste ved å vere skodespelar?

- At du alltid er i rørsle, både som menneske og fagleg.



Alle foto: Siren Høyland Sæter

Vi klarte det!

Dei lova ein Eurovision-finale på Hovudscenen kvar kveld – og for ein finale dei har laga!

Simen Formo Hay, Johan Hveem Maurud og Oda Radoor har skapt ei vill, leiken og skarp musikktevlings mellom Europas statsleiarar frå murens fall og fram til i dag. I ei forrykande førsteakt står spektakulære sceneshow i kø for å overtyde publikum om kven som har den beste visjonen for Europa. Høgdepunkt frå europeisk politisk og økonomisk historie knivar om førsteplassen i dette originale kappløpet om publikums gunst. For det er publikum som avgjer kva for visjon som skal vinne. Og ikkje uventa er Angels Merkels Vi klarar det bidraget som vinn flest stemmer. For vi kan jo ikkje gi opp håpet om eit fredfylt Europa, eller?

I Europavisjonar er blodig alvor blanda med vindmaskiner, scenerøyk og paljettar. Det er koreograferte nummer i ulike sjangrar; rock, ballade, disko og pop med songtekstar som tar opp alt frå innføringa av euroen og krigen på Balkan til fredsmekling i Oslo. Om du er ESC-fan, politisk nerd, teaterentusiast eller berre ute etter ein litt annleis og underholdande kveld, er Hovudscenen på Det Norske Teatret eit varmt tips i haustmørkeret. Billettane forsvann da eit samla kritikarkorps gav full pott etter premieren i vår. Vi spelar vidare på Hovudscenen og held fram med å skape ESC-stemming også utanfor «sesong». •

Les gratis digitalt program
til *Eurovisjonar* her →



EUROPAVISJONAR

av Simen Formo Hay, Johan Hveem Maurud og Oda Radoor



Tyrkias president Recep Tayyip Erdoğan (Ingeborg Sundrehagen Raustøl) er lei av å bli styrt av andre, og har difor laga ein song med tittelen: «EU, eg er ferdig!».



Donald Trump (Natalie Bjerke Roland) vil også vere med på *Europavisjonar*. «La makteliten blø» er bidraget hans.



Angela Merkel (Heidi Gjermundsen Broch) brukar å vinne *Europavisjonar* med den diplomatiske visjonen sin for Europa: «Vi klarar det».



Unge, kjekke Tony Blair (Carl Martin Eggesbø) var statsminister i Storbritannia frå 1997 til 2007 og bidreg i *Europavisjonar* med låta «Shopping, bilar og sydentur».

Ei historie om utanforskap

Les Misérables er eit samarbeid mellom Betty Nansen Teatret og Det Norske Teatret. Framsyninga som hadde premiere i København i mars, er ein kraftprestasjon av dei sjeldne, i ei rå og upolert innpakking. Ho tar utgangspunkt i Victor Hugos roman frå 1862 – ikkje den kjente musikalen med same tittel.

Av Ingrid Weme Nilsen

Seks skodespelarar gir oss den gripande historia om straffangen Jean Valjean og hans harde kamp for eit verdig liv. For kor går vegen når du har vore innesperra i eit fengsel og gått med jarnlenke rundt anklane i 19 år? Når du har blitt frårøva namn og identitet og mista kontakten med alle som ein gong betydde noko for deg? Og når passet ditt markerer tydeleg at du er ein straffedømt og potensielt livsfarleg person? Fattigdom, klasseskilje, lov og rett, omsorg, nåde og forsoning er sentrale tema.

For Jean Valjean er det velgjerninga frå ein biskop som blir det avgjerande vendepunktet. Ingen vertshus vil la Jean Valjean overnatte, sjølv om han kan betale for seg. Men biskopen lar han komme inn i huset sitt, og gir han mat og seng. Den største velgjerninga skjer dagen etter. Da blir nemleg Jean Valjean arrestert for å ha stole biskopens sølvtyø og sølvlysestakar. Så fekk dei altså rett, alle dei som nekta Jean Valjean husly. Ein gong kriminell, alltid kriminell.

Men biskopen er ikkje einig. For sølvtinga er Jean Valjean sine eigedelar, seier han. Dei er hans. Og ingen kan stele noko frå seg sjølv. Så politiet må la Jean Valjean gå.

Møtet med biskopen får enorme konsekvensar for Jean Valjeans liv. Han blir inspirert til å leve ærleg, og til å bruke kreftene sine på å gjere godt for andre. Han gjennomgår

ei radikal forvandling, tar seg ein ny identitet, og blir til og med borgarmeister - ein posisjon han brukar til å hjelpe så mange fattige som mogleg. Det er som borgarmeister han møter den stakkars, prostituerte Fantine, som i naud har blitt tvunga til å sette bort dotter si, Cosette. Og det er omsorga for Cosette som blir drivkrafta til Jean Valjean når politiinspektør Javert på ny kjem på sporet av han. For er det ikkje noko underleg med denne borgarmeisteren i Montreuil-sur-Mer? Er han ikkje til forveksling lik den farlege straffangen Jean Valjean, han som forsvann under merkelege omstende for mange år sidan?

Les Misérables er eit gigantisk referanseverk i litteraturhistoria. Forteljinga har djupe personskildringar og ei skakande handling som går føre seg i eit samfunn prega av groteske klasseskilnadar. Dei to hovudpersonane Jean Valjean og politiinspektøren Javert har blitt ståande som arketypar som ein kan finne spor av i mange andre forteljingar verda over.

Framsyninga på Betty Nansen Teatret (der skodespelarar frå Det Norske Teatret for første gong i historia spelte på dansk!) har fått fantastiske tilbakemeldingar og panegyriske kritikkar. No gler vi oss stort til å få *Les Misérables* til Oslo og vise denne verdsberømte forteljinga om samfunnets aller svakaste i ny, nynorsk språkdrakt. •



LES MISÉRABLES

basert på romanen av Victor Hugo



Premiere på
Les Misérables
13. november

Francisco Kalle Navarro og Sigrid Husjord spilte i oppsetjinga på Betty Nansen Teatret. Foto: Camilla Winther.

-Æ følt mæ hjemme!

Sigrid Husjord var overraska, men heller ikkje i tvil da ho gjekk den raude løparen under Oscar-utdelinga i 2023. Den sprudlande trønderen kjente at her var ho komen til rett stad, blant filmindustriens mektigaste under eit blitzregn ho ikkje hadde opplevd tidlegare.

Av Ida Michaelsen

Kortfilmen *Nattrikken* der Husjord spelte hovudrolla var nominert i kategorien beste internasjonale kortfilm. Sjølv om ho kom heim utan statuetten, så var det eit minne for livet.

- Det var heilt fantastisk. Fire intense døgn med ein virak som passa meg utmerkt.

Stylist og kostymedesignar Cårejånni Enderud hadde fiksa kjole, ein glitrande gullkjole som var sydd om for det store augneblikket. Kjolen hadde tidlegare vore brukt på scenen i den norske Eurovision-finalen, og Sigrid var nøye på å levere kjolen tilbake.

- Det er ein gjenbrukskjole som er brukt av fleire. Så han blir nok ein minikjole til nokon, kanskje, på eit tidspunkt, seier Husjord og ler høgt.

No er ho aktuell i Jon Fosses nyskrivne stykke *Skodespelet* som får premiere på Scene 2 under den fjerde internasjonale Fossefestivalen. Seinare på hausten spelar ho Cosette i *Les Misérables*, ei framsyning som hadde premiere på Betty Nansen Teater i mars. Her var kritikane overstrøymande og framsyninga vann ein Reumert (Danmarks største teaterpris) for Årets samspel. Det var sjølv sagt også stas, men ikkje heilt nytt for Husjord. I 12 år har ho jobba som frilans skodespelar i København og har tidlegare vore nominert og vunne ein Reumert i Danmark. Men ho har også vore nominert til gjeve prisar på store teaterfestivalar både i Kairo og i Dublin, og er stolt av alt ho har oppnådd som skodespelar etter at ho som 26-åring drog til Danmark for å studere fysisk teater. Alt i andre klasse fekk ho tilbod om ei rolle, og etter studieopphald i New York, har ho kunna balansere mellom fysiske roller og roller som krev større innsikt i menneskesinnet.

- Eg har vore ein nomade i skandinavisk teater og pendla mellom Trondheim, Oslo og København. Men no bur sonen min og eg her i Oslo. Det er meir stabilt.

Det var på ungdomsskolen at Sigrid bestemte seg for å satse på teater. Ein dramalærer meinte at ho hadde talent.

- Men du må aldri la nokon gi deg ei rolle berre på grunn av høgda di, sa ho. Og det sette seg ein stad inne i meg. Eg har tenkt at det skal eg ikkje la skje. Skjønt, den første rolla mi i Danmark var nok på grunn av det.

Ho ragar ikkje høgt over bakken, men Sigrid Husjord fyller rommet likevel. Energien, latteren, det smittande humøret og den store arbeidskapasitet tar plass. Det har ført henne til store scenar og teater rundt om i Norden og har også skaffa henne større og mindre roller på filmlerretet. I *Kampen for tilværelsen* såg vi henne første gong på NRK. Sidan har ho medverka i *Beforeigners* og i NRKs julekalender *Kristiania magiske tivoli*teater.

- Det er vanskeleg for meg å kome inn i film og TV-verda. Det trur eg skuldast kravet til realisme. I teateret er kanskje publikum med på meir? Med Kjersti Horn som sjef får eg utvilsamt større moglegheiter enn eg elles ville fått. Vi er einig om å normalisere det å vere kortvaksen og den einaste måten å gjere det på er å spele heilt vanlege menneske. For det er jo nettopp det vi er, vanlege menneske som er låge.

Sigrid Husjord har vore tilknytt Det Norske Teatret gjennom fleire roller sidan 2021. Men dei fleste hugsar henne nok som mora i Edouard Louis' *Ei kvinnes kampar og forvandlingar*. «Et morsportrett det er umilig å legge bak seg», skreiv Aftenpostens kritikar. Sigrid Husjord spelte rolla utan eit einaste ord. Den fysiske bakgrunnen gjorde likevel rolla til eit medrivande og fascinerande stykke rollearbeid. No er det ei av Fosses kvinner som skal under huda.

- **Det er første gongen eg gjer Fosse**. Det er vanskeleg og lett på same tid. Det er ein veldig enkel tekst, samstundes som han er veldig kompleks. Det kan tolkast i mange retningar, metaforisk eller heilt konkret. Det er utruleg at ein karakter kan romme så mange lag. Men det kan bli veldig gøy også, avsluttar Sigrid Husjord. •



Foto: Monica Tormassy

SUKKER

av Linda Gathu



Foto: Monica Tormassøy

Svart komedie om kvite blindsoner og skjult norsk historie

Med Sukker set regissør og manusforfatter Linda Gathu spørsmålsteikn ved det vi trur vi veit om historia vår. Med eit skrått og humoristisk blikk tek ho oss gjennom dei siste 400 åra med afro-norsk historie.

Ein ung kunstnar er hyra inn til eit museum i krise, og opplever at rammene for det som blir forventa av ho blir ei tvangstrøye. Etter kvart fell ho bakover i tid og inn i eit tidshol, der ho blir transformert til ulike personar på tvers av tid og kjønn. Vi treffer alt ifrå astronautar (afronautar!) i framtida, til ein ung, svart gut som kom til Noreg på slutten av 1600-talet.

Med afro-futurisme, magisk realisme og svart komedie som form trer vi inn i eit univers der leik med språk, humor og stereotypiar møter blodig alvor.



Linda Gathu

Linda Gathu er skodespelar, regissør, dramatikar og filmskapar, med bachelor frå Royal Central School of Speech and Drama innan skodespel og ein master i teater frå Kunsthøgskolen i Oslo. Ho har også vore husdramatikar ved Dramatikkens hus i 2022 og 2023. Gathu har brei erfaring som skodespelar, i hovudsak frå Storbritannia men også frå Den Nationale Scene, Hålogaland Teater og Brageteateret.



Premiere på
Sukker
10. oktober



Foto: Siren Høyland Saeter

Ameli Isungset Agbota

Aktuell i *Sukker* denne hausten.

Fortalt til Åsne Dahl Torp

For Ameli personleg handlar *Sukker* djupast sett om korleis ein kan vere ein brun kropp i Noreg i dag, og det å lære å kjenne si eiga historie. - *Sukker* er ein slags svart komedie, og eg skal spele ein kunstnar som skal ha ei utstilling. I møtet med kuratoren ved museet opplever kunstnaren fordomsfulle haldningar og blir putta inn i ein boks ho ikkje kjenner seg heime i. Dramatikar og regissør Linda Gathu har også teke utgangspunkt i historiene til brune menneske som har budd i Noreg frå 1660-talet og fram til i dag. Kunstnaren opplever å bli dratt inn i fortida og lever seg gjennom liva til nokre av desse brune menneska som har levd her før henne, og gjennom dette blir ho opplyst og trygg i seg sjølv på ein ny måte.

Framsyinga tek opp alvorlege tema, men med humor. Det er mykje leik med tidsepokar, kostyme og fordommar. Eg håpar publikum vil ha det gøy, og at dei som ikkje er brune kan kjenne litt på kroppen korleis det er. Og at dei som er brune kan kjenne seg igjen i det som

blir vist på scenen, og at det vil kjennast godt. Eg håpar publikum kan le saman, både med og av dei som er på scenen.

Fullfør setninga: "Eg visste eg ville bli skodespelar da eg..."

- var med skolen i andre klasse og såg Nes Minateater første gong. Dei spelte *Den fillete dokka*. Og eg tenkte berre: «Oh, my God! Dette er feitt. Dette her berre må eg gjere også!» Men eg har aldri tenkt at eg ikkje ville vore lykkeleg dersom eg ikkje blei skodespelar av yrke. Eg trur eg kunne hatt eit fint liv likevel. Men eg er veldig glad for det blei slik!

Kva er det raraste du har gjort i research til ei rolle?

- Eg har sett utruleg mykje sånne sminkevideoar på YouTube! Så eg kan alt om contouring og highlighting og slikt. Det var i førebuingane til å spele Julie, som skulle vere ei litt sånn dollete tenåringsjente. Det var gøy, haha!

Kva er det mest minneverdige som har skjedd deg bak scenen?

- Jon Ketil Johnsen som spelte kromannen i *Jeppe på Berget* hadde foreslått at det skulle vere bananlikør han gav til Jeppe. Så på premiefesten gav regissøren han ein slik bananlikør i gåve. Den var grøn og kvalmande søt. Likøren blei ståande bak scenen, men etter kvar fredagsframsyning tok vi i ensemblet ein slurk av denne ekle drikken. Det var veldig hyggeleg!

Kva er det beste ved å vere skodespelar?

- Å jobbe med menneske, og å sette seg inn i andre menneske sine tankar og liv saman med andre.

Har du ei kulturanbefaling?

- Det siste året har eg stort sett vore heime i mammaperm, men eg drog ein tur til New York og såg ein teaterversjon av det indiske eposet *Mahabharata*. Og det var heilt fantastisk! Utruleg frigjerande å sjå noko som var så... lite ironisk. Så det er kanskje mi anbefaling, å oppleve noko blotta for ironi. Noko som berre er ekte og inderleg.



Gleda over å ta vare på eit kvalitetsbygg

Av Irene Halvorsen, direktør

Det Norske Teatret er nynorsken og motkulturane sitt ankerfeste, midt i hovudstaden. Då kong Olav formelt opna bygget i 1985, dagen etter at Bobbysocks hadde fått nordmenn til å miste all kontroll, var 72 års kamp krona med siger. Dei to sidestilte språka bokmål og nynorsk hadde kvart sitt teaterhus – ei institusjonell stadfesting av det 100 år gamle jamstillingsvedtaket.

Det Norske Teatret – og Nationaltheatret, for den del – ligg tett på aksen som definerer nasjonen Noreg; Slottet, Universitetet og Stortinget. I år fyller teaterbygget vårt 40 år. Bygget var høgt ønskt, men ikkje alle fann seg til rette. «Vi skal nok få liv i det. Berre vi får spydd litt på veggene», sa Jon Eikemo til Aftenposten, gjøglaren og karakterskodespelaren som fanna nordmannen i alt sitt virke.

Kor mykje fyll og spy golv og vegger har måtta tole sidan 1985 er uvisst. Men teateret er fullt av sterke opplevingar. Vi jobbar for at endå fleire skal kjenne seg heime her.

Dagens teaterhus blei ferdigstilt i 1985 og er eit gjennomarbeidd, raffinert byggverk med høg kvalitet. Det blei teikna av 4B arkitekter og bygget er heidra med ei rekke

utmerkingar. Bygninga er eit føregangsdøme på det moderne teaterhuset og starten på ein æra for tilsvarande scenehus i Noreg. Men 40 år er lang tid. Teaterbygget treng ein «face-lift» både ute og inne. Snorloft og hovudscenemaskineri bør bli oppgradert.

Å gjere teateret meir berekraftig er også ein sterk ambisjon. Det Norske Teatret er sertifisert miljøfyrtårn og jobbar for å redusere fotavtrykket i alle delar av drifta. Vi er eit av ni europeiske teater som gjennom den europeiske teaterorganisasjonen ETC jobbar etter prinsippa i Theatre Green Book. Det betyr mellom anna at vi stiller krav til kunstnarlege lag om gjenbruk i alle produksjonar. Det er bra for byen, landet – og verda.

Teaterbygget representerer eit av hovudstadens mest framstående døme på arkitektur frå 1980-åra.. Bygget står på Gul liste som eit godt bevart føremålsbygg med høg samfunns-, kulturhistorisk og symbolsk verdi – som i seg sjølv kanskje er grunnen til å ta turen innom?

Sjå opningstider og les meir om teaterprogrammet →



I desember pyntar vi Hovudscenen til julefest!

JULEROSER

Tre søndagar i advent inviterer Herborg Kråkevik til julekonsert. Med seg har ho Solveig Kloppen og Frida Ånnevik, og saman med skodespelarar, Birkelunden mannskor og band blir det musikk, forteljingar, humor og tradisjonsrik julestemning.

BILLETTAR I SAL NO!



Juleroser er eit samarbeid mellom Samlaget og Det Norske Teatret

Visste du at...



Teaterbutikken

I Teaterbutikken kan du kjøpe bøker, handlenett, plakatar, postkort, koppar og T-skjorter. Kva med ein caps med brodert kjærleik, eller eit kostyme frå ei framsyning du har sett? Ta med deg eit teaterminne heim!



Gåvekort

Gi eit teatergåvekort til ein venn som verkeleg har alt! Det er gyldig i to år, og du kan sjølv velje kva beløp du vil gi.



Språkoppdraget er podkasten der vi utforskar ord, dialekt og språkbruk – og samstundes gir deg eit innblikk i kvardagen på Det Norske Teatret. Her møter du skodespelarar, kunstnarar og andre gjester som deler sine språklege særtrekk, favorittord og språklege dilemma.



Omvising

Du kan bestille omvising i teateret før du skal på framsyning. Ta med deg elevane, familien eller jobben og sjå kva som hender i kulissane!



Ny spreft-opp restaurant

Kjøkkensjef og medeigar frå Kafeteria August, Johannes Samsom, opnar Bule i Foajéen denne hausten. Han vil dele lidenskapen sin for indonesisk mat med «nytenkjande og global inspirasjon».

Det blir teatermeny for gjester med billetter til framsyningar, à la carte for andre besøkjande og ein bar-meny med mindre rettar.



Rabattar

Du får 20 % rabatt på inntil 2 billetter per produksjon dersom du er OBOS-medlem! Vi har mange fleire rabattordningar. Sjekk nettsida vår.



Digitale program

Alle framsyningane på Hovudscenen har digitale program, og dei er heilt gratis å lese. På nettsidene finn du også mykje anna interessant og framsyningsrelatert lesestoff!

Tilrettelagt

Teateret har IR-anlegg for høyrsllehemma og rullestolplassar på alle scenane våre. Kontakt vertskap eller billettluke for spørsmål.

Teater for skole

Vi utarbeider studiemateriell til spesielt relevante framsyningar, og har billettfond der lærarar kan søke om gratisbilletter til klassen sin. Om du er lærar og ønskjer nyheitsbrev om skoletilbodet vi har, kan du melde deg som teaterkontakt for skole.

Yngda

Er du mellom 15 og 25 år kan du sjå teater til 150,-
Meld deg inn i Yngda heilt gratis og få billige billetter og andre gode tilbod!

Innsikt

Om du ønskjer å fordjupe deg i sesongens repertoar, eller er interessert i bakgrunnsstoff, er Innsikt tingen for deg. Her møter du personar som har noko på hjartet og som kan gi deg noko å tenkje på før teateropplevinga. Introduksjonane er heilt gratis for publikum.

**Hald deg oppdatert
– meld deg på nyheitsbrevet!**

Skann koden eller les meir på
www.detnorsketeatret.no



Hovudscenenen

Vinter

Regi: Lisaboa Houbrechts Premiere 5. september

Den uendelege historia

Regi: Peer Perez Øian Premiere 18. oktober

Juleoratoriet

Regi: Eirik Stubø Premiere 22. november

Juleroser

Regi: Cathrine Telle Premiere 7. desember

Scene 2

Skodespelet

Regi: Johannes Holmen Dahl Urpremiere 6. september

Forandre seg: metode

Regi: Kjersti Horn Urpremiere 10. september

Sukker

Regi: Linda Gathu Urpremiere 10. oktober

Les Misérables

Regi: Kjersti Horn Oslopremiere 14. november

I repertoar

Europavisjonar

Regi: Simen Formo Hay

Forbrytar og straff

Regi: Julia Marko-Nord

Da vi var yngre

Regi: Aksel Hennie

Once

Regi: Jacob Höglund

Heil ved

Regi: Erik Ulfsby

Einkvan

Regi: Kjersti Horn

Haugtussa

Regi: Ane Dahl Torp og Erik Ulfsby

Scene 3

DRAGONBLOOD

Regi: Claudia Cox og Tobi Pfeil (Only Slime)
Urpremiere 13. september

CURSED

Regi: Tani Dibasey Urpremiere 14. oktober

MAGIC MOUSE VS. CAPTIALISM

Regi: Tani Dibasey Urpremiere 6. november

Ansvarleg utgjevar Kjersti Horn Redaktør Ida Michaelsen

I redaksjonen Åsne Dahl Torp, Erlend Tårnesvik Dreiås Grafisk formgjeving Maiken Mathisen Produksjon Konsis

Sponsorar

